Stranda ungdomsskule og vaksenopplæring
6200 Stranda

21/10-15
TIH

**VALFAGET DESIGN OG REDESIGN.** Versjon 20.10.15(kso,itå)

LOKAL LÆREPLAN FOR STRANDA UNGDOMSSKULE

| Kompetansemål i L06 | Konkrete læringsmål | Arbeidmåtar/metodar | Vurdering |
|---|---|---|---|
| Designprosess:<br>• Bruke arbeidsteikning,materialskisser eller digitaøeverkty og designe ein eller fleire bruksgjenstandar eller kunstprodukt<br>• Gjere bevisste val av materialar og teknikkar ut frå estetiske, funksjonelle, natur-og miljømessige omsyn og høve gjenbruk<br>• Skildre ulike løysingsalternativ | • Kunne teikne eller på annna måte visualisere eigne idear til eit produkt<br>• Kunne viktige moment m.o.t komposisjon av eit bilete eller produkt<br>• Vise kreativitet og evne til å finne nye bruksområde for gamle ting | • Felles idemyldring<br>• Individuell idemyldring<br>• Lage arbeidsteik-ningar<br>• Innføring i kva som er design<br>• Innføring i kvalitet/bruks-område på ulike material<br>• Individuelt praktisk arbeid | Eigenvurdering av prosess og produkt<br><br>Undervegsvurdering<br><br>Karakter på ferdig produkt ? |
| Produkt:<br>• Bruke eigna teknikkar, material og verkty i produksjonen av ein eller fleire bruksgjenstandar eller kunstprodukt<br>• Utveksle synspunkt om verdien av design og redesign i eit miljø- og samfunnsperspektiv | • Kunne noko om bruksmåten til ulike material<br>• Kunne vite kva som vil vere eigna verkty å bruke i ulike arbeid<br>• Kunne fullføre eit produkt<br>• Kunne seie noko om verdien av gjenbruk | | |

VURDERINGSKRITERIUM

Design og redesign

| Låg måloppnåing | Middels måloppnåing | Høg måloppnåing |
|---|---|---|
| • Lagar ei arbeidsteikning til valt eller tildelt oppgåve<br>• Kan vise ny/nye bruksområde (nytt design og nytt produkt)<br>• Vise at du kan noko om kva eit materiale kan brukast til/velje fornuftig materiale<br>• Vise at du kan velje eit fornuftig verktøy<br>• Vise at du har prøvd å arbeide kreativt/designe<br>• Vise at du kan gjere avtalt arbeid<br>• Vise at du har forsøkt å lage det produktet du hadde planlagt/valt<br>• Kunne nemne nokre positive ting om gjenbruk<br><br>• Produktet kan ha låg vanskegrad | • Lagar fleire ulike løysingsalternativ/skisser til valt eller tildelt oppgåve.<br>• Kunne lage nøyaktige arbeidsteikningar med korrekte mål<br>• Vise kreativitet med omsyn til form og bruksområde<br>• Vise at du kan bruke kunnskap om material som er blitt gjennomgått<br>• Vise at du kan bruke rett reiskap/verkty<br>• Vise at du kan arbeide bortimot sjølvstendig både i planleggingsprosessen og når du lagar sjølve produktet<br>• Det ferdige produktet er funksjonelt og har bra kvalitet<br>• Vise at du forstår verdien av gjenbruk i eit samfunnsperspektiv<br>•<br>Produktet må ha middels vanskegrad | • Lagar fleire ulike løysingsalternativ. Skissene skal vere oversiktlege , vere nøyaktige m.o.t mål, og du skal kunne vise produktet frå ulike vinklar.<br>• Vise kreativitet med omsyn til form og bruksområde<br>• Vise at du brukar material og fagteori på ein gjennomtenkt måte<br>• Vise at du kan bruke rett verktøy til rett materiale<br>• Vise at du arbeider sjølvstendig- både i planleggingsprosessen og når du lagar sjølve produktet<br>• Det ferdige produktet er nøyaktig utført, er funksjonelt og av god kvalitet.<br>• Vise at du har god forståing for viktige samfunnsmessige verdiar knytt til gjenbruk<br><br>Produktet må ha høg vanskegrad |